

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Buskerud.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gol.

Emne: Skav.

Bygdelag: Oygardane.

Oppskr. av: H. J. Bakken.

Gard: Bakken.

(adresse): Gol.

G.nr. 29 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Etter samtaler med forskjellige eldre folk.

SVAR

Skav har ikkje vore bruktn noko nemnande her i den tid eg kan minnst. Før har nokk dette vore brukt ein del som attåtfor; men ikkje noko serleg mykje etter som det høyrest. Dei syntest det vart for små mengder av det, at det forslo so lite. Det var helst all slags lauving, myrslått og mosetak som var det viktigaste, attåt beit som vart køyrt tilgards.

Eg svarar då neanfor på dei oppsette spørsmål, om det ikkje blir so mykje.

1. Noko sernamn på hjelpeforet samla veit eg ikkje om. Det einaste er at nemninga "raskafor" vart nytta om skrapfor i utslåtter og myrar.
2. Heller ikkje kjenner eg noko samnamn på hjelpefor av treslag, (skav, beit m.m.)
3. Gjerningsordet skava böyes regelrett:
Not. skava, skjev. m.v. Fort. skov, skave m.v.
4. Ja, som memnt er skav nytta ein del som hjelpefor, men i den siste mannsalder lite og meir tilfeldig.
5. Dei ^rterfslaga som er nytta til å skava er helst björk, - etter nævra er flekt av-, og so hende det at dei skov litt raun. Bartre har eg ikkje høyrt vart skave her.
6. Trur ikkje noko treslag har havt namn etter å bli brukt til å skava.
7. Noko rim i samband med dette er ikkje kjent her.
8. Det var til ku skavet vart brukt. Sau, geit og ungdyr fekk beit ute. Sau og geit ialfall "skov" ganske godt sjölve når dei kom i beitaugaen.
Til kyrne vart mest skavet gjeve for seg, utan blanding i anna for.
9. Dei rekna at dei ^{fer}meir mjölk og allermest at mjölki vart feitare når dei brukte skav. Mjölki vart "dygg" sa dei. Smöret skulde bli gult og fint av det og.
10. Dei skov berre den veden dei skulde ha til huset likevel.

2.

11 og 12. Henter ikkje heim ved for skavet si skuld, derfor ingen nemning på det.

13. Uttrykket "åmarka" er ukjent her.

14. Det var om vinteren dei köyrde heim veden, og dermed skavet. Det vart ikkje rekna at dei henta heim skav men ved.

15. Det kunde vera både i vedskjulet og i stova dei skov, helst det siste. Dei tok då inn nokre fang oppkappa ved som dei sat å skov i kveldseta.

16. Har ikkje høyrt om noko anna reidskap til å skava med enn ein stor tollekniv, utan noko sernamn.

Det er truleg at det og til dette ofte vart brukt kniv av ljåbrot, då ljåbrotnivar vart mykje brukte og var rekna for å vera sers kvasse.

17. Dei skov vedkubbane som det best fall seg. Helst sat dei på ein vanleg stovekrakk som det var eit hol i den eine enden på til å setja ein pinn nedi. Ikkje noko sernamn på denne.

18. Hadde ingen serlege innretningar for skaving her. Dertil var det forlite ibruk. Kjenner heller ikkje ~~nemninga~~ nemninga skavhæl eller nokon andre sernemningar i samband med dette arbeidet.

19. Det vanlege var at dei sat på krakken, stødde enden av kubben eller treet mot pinnen og spikka av borken.

20. Höveleg ved til å skava kalla dei gjerne skavved.

21. Borken dei tok av kalla dei altso skav.

22. 23. Dei skov ved som var so passe grov at han kunde brukast til brenne utan kløyving. Veden var mest kappa i fannevedleng eller vel det. Etter skavinga tok dei denne ut og ladde han opp, helst ved ein husvegg mot solen. Denne skavveden vart sers hard og god til neste år.

24. Dei skov heile borken. Mätte ikkje vera vedfliser.

25. Veden vart nokk brukt til vanleg onnsved. So seig og vrien å kløyve som björka her er, serleg når ho er turr var denne ikkje höveleg til baksteved.

26. Det er nokk kringom 60 - 70 sia det vart brukt noko større av skav her.

Tillegg til 16. Etter å ha skrive ovanstående har eg fått greie på at det somme stader her ogso fanst knivar som var serskildt laga for skaving. Det var eit litt langt blad med handtak i bae endar. Denne kalla dei Skavkniv.